



KYRKJELEG FELLESRÅD I KVAM

Kvam ligg midt i Hordaland, ca 1 times køyring frå Bergen, og er innfallsport til Hardanger. Kommunen ligg på nordsida av Hardangerfjorden, med fin utsikt til Folgefonna i sør. Folketalet er om lag 8.600

Kvam har eit rikt kulturliv, og naturen byr på gode vilkår for friluftsliv – sommar som vinter.

Diakon

Det er ledig prosjektstilling som diakon i Kvam frå 1. august 2019. Stillingsstorleik kan vera alt frå 50% - 100%, og prosjekttida kan vera mellom 1-2 år. Prosjekttid og stillingsstorleik heng saman: lang prosjekttid = mindre stillingsprosent, kort prosjekttid= større stillingsprosent. Det vert arbeidd for at stillinga kan verta varig og heil.

I Kvam er det 4 sokn med 5 kyrkjer og 2 prestestillingar. I Kvam er det også tilsett kateket i 100% stilling, og kyrkjelydspedagog i 50% stilling. Administrasjonsmålet er nynorsk.

Fellesrådet har også kyrkjeverje i full stilling, 2 kontorar, kyrkjegardsarbeidar og kontorsekretær med ansvar for alle sokna.

Arbeidsoppgåver:

- Diakonen leier og administrerer det diakonale arbeidet i kyrkjelyden
- Oppmuntra, leia og og utløysa friviljug engasjement
- Knyta kontakt mellom kyrkjelydar og lokalsamfunnet

Kyrkjelydane i Kvam har eige diakoniutval og godkjend diakoniplan.

Prioriteringar og satsingsområde for diakonen vil verte utarbeidd i samråd med den tilsette.

Kvalifikasjonar:

- Utdanning i samsvar med «Tjenesteordning og kvalifikasjonskrav for diakoner», fastsett av kyrkjemøtet
- Erfaring frå diakonalt arbeid.
- Også personar med anna relevant erfaring kan søkja.

Særskilte krav:

- Medlemsskap i Den norske kyrkja
- Disponera eigen bil med førarkort klasse B
- Politiattest må framleggjast

Lønns- og arbeidsvilkår:

- Lønn og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande tariffavtale
- Det er også utarbeidd stillingsbeskriving for stillinga.
- Kyrkjeleg fellesråd er arbeidsgjevar, med kyrkjeverja som næraste overordna.
- Pensjonsordning gjennom KLP

Spørsmål omkring stillinga kan rettast til

kyrkjeverje Olav Skeie Lid, tlf. 41 40 00 35 eller
sokneprest Roar Strømme, tlf. 97 03 77 37

Søknad med CV kan sendast pr. e-post eller brev til:

Epost: kyrkjeverje@kvam.kyrkjer.net

Postadresse: **Kyrkjeleg fellesråd i Kvam, Postboks 39, 5601 Norheimsund**

Sjå elles vår heimeside: <http://www.kvam.kyrkjer.net>

Søknadsfrist: 25.mai 2019